

NVE

Postboks 5091 Majorstuen  
0301 OSLO

Vartdal, 14.10.2017


## Vartdal vassverk – søknad om Nedre Svartevatnet som permanent naudvasskjelde.

### Bakgrunn

Vartdal vassverk søkte i 2010 om å nytte Nedre Svartevatnet som permanent naudvasskjelde. Vi viser til vår fråsegn av 2010 til høyringa av denne søknaden. Vi viste mellom anna til dei lekkasjar som skjer både i rør og dam, samt Tussa sitt ansvar for å ikkje tappe vatnet så ned at Vassverket kjem i knipe, samt at Vassverket si primære oppgåve er normal vasslevering. I år har Tussa Energi As søkt om å oppgradere eksisterande anlegg knytt til Vartdal kraftverk. I samband med høyringa av søknadane til både Tussa Energi As og Vartdal vassverk sine planar inviterte NVE til synfaring den 3.10.2017.

Det kom her fram at pga. tidsspenn sidan vassverket sin søknad opna NVE for fråsegner før slutthandsaming komande vinter av Vartdal vassverk sin søknad om å nytte Nedre Svartevatnet som permanent naudvasskjelde.

Vår generelle haldning framgår av vår fråsegn frå 2010. Vi understrekar igjen at dette er inngrepsfritt område med stor turferdsel og at vatna og elva her er sentrum for dyra som beiter på Heida og fjella kring. Her vert vektlagt nye/tidlegare ikkje nemnde moment.



*T.v. Leiegjerda på Tverrfjellet. Nedre Svartevatnet ligg rett ned frå fjellkanten til v. Foto frå sept. 2015*

*T.h. Svartevatna også kalla Brillivatna, sett frå Levandehornet ein augustdag 2016. Store Skarevatnet nede til høgre. Steinsetjingane ligg ovanfor Nedre Svartevatnet.*

### Leiegjerdet rett over Nedre Svartevatnet

To steingjerde ligg mellom Hesteryggen og toppen av Tverrfjellet. Som leiegjerde for fangst kan dei gå attende til pionerbusetjinga som tok til for ca. 11.000 år sidan, men gjerdet kan og ha fleire


funksjonar og vore bygt på sidan. Dette kulturminnet ligg inne i den nasjonale kulturminnebasen Askeladden, Id nr 231198. Freda kulturminne jfr kulturminnelova §§ 3 og 4.

### **Inngrep i urøvyt og sårbart landskap.**

Nedtapping av Svartevatnet med inntil ca 3 m, gjer at vatnet vil bere preg av eit krater. Det har vist seg at ved nedtapping på vinter, kan likevel vatnet stå tomt fram til haust. Dette er svært uheldig visuelt i eit elles urøvyt landskap, med stor ferdsel av fjellturgårarar.

Svartevatna ligg midt i eit beiteområde, rett under dei bratte sidene til Maraftashornet- Tverrfjellet- Hesteryggen. Her held storfe til, og her spring sauer over fjellet. Dyra drikk her og i elva, difor og fordi det ligg midt i, er dette livsnerven for beitinga i områda kring. Erosjon i tørrlagde sårkantar utan vegetasjon kan medføre auka fare for utrasing oppe i dei bratte skråningane der dyr beiter. Erosjon er å forvente ved nedtapping.

Til naudvassøknaden høyrer også røyr frå Svartevatnet ned langs elva til inste del av Store Risaskarsvatnet. Det vil i beste fall enkelte stadar vere djupt nok til kunne grave ned rør, dette kan ikkje påreknast for heile strekninga. Samstundes vil attgroing her oppe i fjellet kanskje ikkje skje i de heile. Nedgraving vil såleis i seg sjølv ikkje nødvendigvis berre dekke spor, men skape nye. Det må under ingen omstende lagast vanskar for ferdsel for dyr/menneske. Tunnel har ikkje vore nemnt som aktuell. Røyra og heverten som blei flogge opp med helikopter skal også fjernast ved avklaring. Det ligg no røyr og flyt i vatnet og utstyr på land under ein presenning. I følge NVE har dei moglegheit til å gi dagbøter.



*T.v. Nederste Svartevatnet mot Heidane og Bergehornet i november 2015. Skarevatnet kan skimtast bak ca midt i.  
T. h Indre del av Store Risaskarsvatn mot Heidane og Levandehornet. Vi ser elva kome ned frå Svartevatna, der går fisk opp for gyting haustane.*

### **Store Risaskarsvatn som alternativ?**

Medan eit nauduttak på Svartevatnet vil gje ei senking på om lag 3 m ifylgje søknad, ville eit tilsvarande volum teke ut som naudvatn frå Store Risaskarsvatn pga større flateareal vere langt mindre. Store Risaskarsvatn er i dag moderat prega av inngrep pga kraftproduksjon.

Svartevatna og området kring framstår som inngrepsfritt. Grunneigarane ynskjer difor analysert på ein seriøs måte kva som skal til for at Store Risaskarvatn skal kunne fungere som naudvasskjelde, samt kor stor ekstra senking det vil medføre der og korleis dette påverkar flatearealet på Store Risaskarvatnet. Eit godt utgangspunkt vil då vere å få klarlagt kva volum, den omsøkte 3 m senking av Nedre Svartevatnet inneber.

Grunneigarane finn det vesentleg å få utgreidd spørsmålet knytt til Tussa sin søknad om fornying og utviding av Vartdal Kraftverk. Når konsekvensar er klarlagde må også dette vere gjenstand for ei høyring. Dersom naudvasstapping frå Svartevatna kan unngåast, samstundes som Store Risaskarvatnet i liten grad vert påverka av dette, er svært mykje spart av ei velfungerande vakker fjellverd som både dyr og folk har stor nytte og glede av i dag.

### **Endrar auka vasstilgang sidan 2010 behovet for permanent naudvasskjelde?**

Men når lekkasjane i eksisterande anlegg vert tetta, skulle volumet – også til vatn til Vartdal vassverk - etter kraftproduksjon – vere mindre. Behovet for permanent naudvasskjelde skulle såleis vere mindre. Dette spørsmålet skulle og vere utgreidd i søknaden til Tussa Energi AS. Til dette kjem at storverksemdene etter 2010 også har byrja å ta opp grunnvatn. Samt at oppdrett i alle fall kan om dei vil, resirkulere vatn. Vi treng ei ærleg vassanalyse jfr også vår fråsegn til søknad frå Tussa Energi As om utviding av Vartdal kraftverk.

Vi forstår at Tussa kanskje ikkje finn naudvassutgreiing eller vassanalyse som deira oppgåve, men når vatnet går gjennom turbinane deira har ein interesse i saka, og saka kan ikkje reknast dei som samfunnsaktør uvedkomande. Både Tussa og Vartdal Vassverk er pliktig til å søke å redusere innverknaden deira bruk av naturressursar har på landskapet. All planlegging av tiltak pliktar å forvalte naturressursar utifrå ei erkjenning av at desse er avgrensa.

Eit nauduttak for drikkevatn/fabrikkvatn frå Store Risaskarvatn kan vise seg å vere beste samla løysinga for natur og miljø, dersom dei som kan ikkje vil resirkulere, eller framtil at dei kanskje likevel lyt gjere det. Kan Svartevatna og miljøet kring sparast, kan kanskje mykje vere spart for tida utover vår eiga. Dette gjeld og Tussa Energi AS og Vartdal Vassverk, ja alle som har vassmengd som produksjonsavgrensing. Men kanskje er ei permanent naudvasskjelde slett ikkje naudsynt når lekkasjer er tetta, slik at naudvasskjelde frå Risaskarvatnet heller ikkje kan argumenterast for.

Vi opplever at grensene for kva ein treng av vatn er flytande. Men så er det også sagt at vasstilgang er einaste avgrensing i produksjonen for verksemden Vartdal vassverk forsyner. Settefiskeanlegget har sidan 2010 byrja å pumpe opp grunnvatn frå fleire brønner, ikkje langt frå der Storeelva går uti fjorden. Vi minner om at avtalen mellom vassverket og oppdrettsanlegget er slik at inntaket til oppdrettsanlegget skal leggest over vassverket sitt inntak. Naudvassproblematikken eksisterte ikkje før det vart levering til settefiskeanlegget. Spørsmålet er om 8-tomsleidinga til settefiskeanlegget ligg høgare i brønnen til vassforsyninga?

I svaret til Tussa ang utbetring av kraftstasjon og røyrgate skriv grunneigarane at vi krev ei minstevassføring i Skareelva gjennom året. Dette er vatn som skal renne fritt ned Skareelva og vidare

ut i Storeelva og til slutt i Vartdalsfjorden. Det er vanskeleg å få innsyn i avtalar mellom vassverket og Tussa. Ei anna naudvassløysing er eit samarbeid med de kommunale vassverket i bygda.

### Beredskap og sikkerheit

Det er også viktig at Tussa og Vassverket samarbeidar slik at det blir bygd eit dagmagasin i tilknytning til ny kraftsstasjon. For eit vassverk bør 1.prioritet vere å skaffe vatn til innbyggjarane og 2.prioritet bør vere nok trykk og kapasitet til brannsløkkjing. Dette var ikkje tilfelle ved siste husbrann i bygda.

### Avslutning

At vi i utgangspunktet er meir velviljuge til å sjå på Risaskarsvatnet enn Nedre Svartevatnet, tilseier ikkje at vi med dette har sagt ja til naudvatn frå Risaskarsvatnet. Ei utgreiing lyt vurderast. Og i denne utgreiinga lyt eit vassrekneskap kome inn: Kor mykje nytt vatn kjem verksemdene til gode gjennom grunnvatn, kor mykje får ein ved tettare rør og dammar og kor mykje kan sparast ved gjennvinning. Korleis kan naudvassløysing framleis argumenterast for frå urøyvde Svartevatnet eller for den del frå Store Risaskarvatn? Etter vår vurdering er ikkje situasjonen utan nærare analyser klarlagt nok til avgjerd. Her er også uklare privatrettslege forhold.



*Vartdalsungdom på Bergehornet. Store Skarevatnet under, Nedre Svartevatna bak litt t.v. for midt med Maraftashornet-Tverrfjellet og Hesteryggen t.h. Tryhornet (Saudehornet) ragar midt bak.*

Vi er forpliktige ovafor noverande og komande generasjonar å bruke tida det trengs for å gå gjennom ulike alternativ. Og her er det viktig med ein god dialog mellom partane.

Med helsing

grunneigarar ved Nedre Svartevatnet/Heidane/Risaskaret

  
Øyunn Kleiva

  
Bjørn Sævik

  
Geir Hole

  
Viggo Håvoll

  
Anne Pilar Aarseth

Kvithaugane 24, 6170 Vartdal

Kontaktperson: [annepilar.aarseth@gmail.com](mailto:annepilar.aarseth@gmail.com)

Mob: 41606822

Kopi:

Ørsta kommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal fylkeskommune

Tussa Energi AS

Vartdal vassverk

Naturvernforbundet

Direktoratet for samfunnssikkerheit og berdeskap